



# KVAM HERAD

NÆRING

Olje- og energidepartementet

Postboks 8148, Dep

0033 OSLO

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET	
10 / 01970 - 182	
DATO	09 FEB. 2011
AN	EKSP.

Vår ref.  
08/1563-16/N-654//JATJ

Dykkar ref.

Dato:  
08.02.2011


## Oversender uttale om elsertifikat frå Kvam herad

Formannskapet i Kvam herad handsama uttale om den nye ordninga med elsertifikat i møte 01.02.2011.

Vedlagt fylgjer sakspapira i sak 006/11 frå formannskapsmøtet.

Uttalen vart vedteken einstemmig.

Med helsing

  
Jan Tjosås  
Næringssjef

Vedlegg: Sakspapira i sak 006/11

**Kopi til:**

Henrik Glette

# Kvam herad

## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kvam formannskap	01.02.2011	006/11	JATJ
Kvam heradsstyre	15.02.2011	013/11	JATJ

<b>Avgjerd av:</b> <b>Saksh.:</b> Jan Tjosås	<b>Arkiv:</b> N-654 <b>Objekt:</b>	<b>Arkivsaknr</b> 08/1563
---	---------------------------------------	------------------------------

### Småkraftverk - Ordning med elsertifikat - uttale frå Kvam herad

#### Samandrag:

Kvam herad har motteke brev frå Småkraftforeininga med ynskje om at kommunen uttalar seg om den nye ordninga med elsertifikat for småkraftverk. Den nye ordninga kom på plass 8. desember 2010 og er eit svært viktig bidrag for økonomien i ny kraftproduksjon.

Kraftverk som var bygde og tekne i bruk i perioden 01. januar 2004 – 7. september 2009 og som er over 1 MW, vart ikkje tekne med i ordninga. Til saman gjeld dette 183 kraftverk i heile landet og 2 i Kvam herad.

Mange av desse kraftverka er marginale slik at dei med høgare renter eller sviktande nedbørmengder vil få ein utfordrande økonomi. For kommunane er også dette viktig sidan skattegrunnlaget vert redusert.

Det sentrale i saka er kor mykje politiske løfte skal vektleggjast. Svært mange politikarar og parti har gjennom fleire år lova at dette skal ordnast, men når no ordninga er på plass var ikkje dei 183 kraftverka med i ordninga.

Den nye ordninga er no ute på høyring frå Olje- og energidepartementet med frist 1. februar 2011

Småkraftforeininga ber difor kommunane å uttala seg om saka med støtte til desse kraftverka som ikkje er med i ordninga.

LVK (Landsamanslutningen for vasskraftkommunar) vil truleg gje sin uttale i løpet av veke 4, og vi vil ettersenda deira uttale straks vi har motteke han.

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kvam herad vedtek fylgjande uttale:

Regjeringa si varsla satsing på fornybar energi er fornuftig og naudsynt. Kvam herad ser trongen for klimavennleg energi og framtidretta næring, og er einig med regjeringa i at ei ordning med eit felles svensk-norsk sertifikatmarknad er ein god måte å skapa grunnlag for ei slik satsing.

I Kvam herad har me allereie lagt til rette for utbygging av fornybar energi, og det er bygt fleire kraftverk i kommunen og fleire er under planlegging.

Satsinga på småkraft har vore eit lyft for næringslivet og grunneigarar i kommunen, med investeringar på fleire millionar.

2 av kommunen sine nye kraftverk, Gryto kraft A/S og Skålheim kraftverk A/S, vil ikkje nyte godt av elsertifikatorordninga til tross for at dei er vorte lova dette av sentrale politikarar og skiftande regjeringar.

Kvam herad ber om at alle kraftverk som er igangsett etter 1. januar 2004 vert omfatta av ordninga.

### **01.02.2011 Kvam formannskap**

Martin Vik, Sp ber utvalet handsame om han er habil i saka

Medlemet gjekk ifrå utvalet under handsaming av habilitet

Framlegg til vedtak vedk. habilitet frå utvalsleiar:  
Martin Vik, Sp er ugild i saka

Røysting:  
Framlegget vart samrøystes vedteke med 7 røyster

Vedtak vedk. habilitet:  
Marting Vik, Sp er ugild i saka

Saka vart handsama med 7 medlemer

### **Framlegg til vedtak frå utvalsleiar:**

#### **Rådmannen sitt framlegg med eit tillegg frå administrasjonen**

Kvam herad vedtek fylgjande uttale:

*Kvam herad sluttar seg til høyringsuttalen frå LVK om ny lov til innføring av el-sertifikat.*

Regjeringa si varsla satsing på fornybar energi er fornuftig og naudsynt. Kvam herad ser trongen for klimavennleg energi og framtidsretta næring, og er einig med regjeringa i at ei ordning med eit felles svensk-norsk sertifikatmarknad er ein god måte å skapa grunnlag for ei slik satsing.

I Kvam herad har me allereie lagt til rette for utbygging av fornybar energi, og det er bygt fleire kraftverk i kommunen og fleire er under planlegging.

Satsinga på småkraft har vore eit lyft for næringslivet og grunneigarar i kommunen, med investeringar på fleire millionar.

2 av kommunen sine nye kraftverk, Gryto kraft A/S og Skålheim kraftverk A/S, vil ikkje nyte godt av elsertifikatorordninga til tross for at dei er vorte lova dette av sentrale politikarar og skiftande regjeringar.

Kvam herad ber om at alle kraftverk som er igangsett etter 1. januar 2004 vert omfatta av ordninga.

#### **Røysting:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke med 7 røyster

#### **FSK-006/11 Vedtak:**

Kvam herad vedtek fylgjande uttale:

Kvam herad sluttar seg til høyringsuttalen frå LVK om ny lov til innføring av el-sertifikat.

Regjeringa si varsla satsing på fornybar energi er fornuftig og naudsynt. Kvam herad ser trongen for klimavennleg energi og framtidretta næring, og er einig med regjeringa i at ei ordning med eit felles svensk-norsk sertifikatmarknad er ein god måte å skapa grunnlag for ei slik satsing.

I Kvam herad har me allereie lagt til rette for utbygging av fornybar energi, og det er bygt fleire kraftverk i kommunen og fleire er under planlegging.

Satsinga på småkraft har vore eit lyft for næringslivet og grunneigarar i kommunen, med investeringar på fleire millionar.

2 av kommunen sine nye kraftverk, Gryto kraft A/S og Skålheim kraftverk A/S, vil ikkje nyte godt av elsertifikatorordninga til tross for at dei er vorte lova dette av sentrale politikarar og skiftande regjeringar.

Kvam herad ber om at alle kraftverk som er igangsett etter 1. januar 2004 vert omfatta av ordninga.

#### **Lista inneheld sentrale dokument som det er referert til eller sitert frå i saksframstillinga:**

JournalID	Journaldato	Tittel	Avsendar
11/127	03.01.2011	Foreslått ordning med elsertifikat	Småkraftforeininga
<a href="http://www.kvam.kommune.no/innsyn6/wfdocument.aspx?journalpostid=2011000127&amp;dokid=356136&amp;versjon=1&amp;variant=P&amp;ct=RA-PDF">http://www.kvam.kommune.no/innsyn6/wfdocument.aspx?journalpostid=2011000127&amp;dokid=356136&amp;versjon=1&amp;variant=P&amp;ct=RA-PDF</a>			

For å opne dokument det er referert til i tabellen må du klikke på lenka under her.

Skriv så inn JournalID i søkefeltet DokumentID og utfør søket.

[http://www.kvam.no/innsyn5/wfinnsyn.aspx?response=journalpost\\_sok&simple=false](http://www.kvam.no/innsyn5/wfinnsyn.aspx?response=journalpost_sok&simple=false)

#### **Høyringsdokumentet frå Olje og energidepartementet.**

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/oed/dok/hoeringer/hoeringsdok/2010/horing---lov-om-elsertifikater/horingsnotat.html?id=627390>